



Dan Goya
Eldshovden 6c
5252 SØREIDGREND

Dykkar ref.: Vår ref.: Dato:
22/96 - 28 / CMS 25.09.2023

Svar på Anmodning om gjennomgang og vurdering av vilkår - Buholmen gbnr 157/6

Kommunen syner til førespurnad motteke vedrørende situasjonen rundt vassleidningen på staden.

Kommunen ga løyve på vilkår til utlegging av flytebrygge til eigar av gbnr. 157/6. Omsøkt flytebrygga vart i tråd med reguleringsplanen på staden.

Her er eit utsnitt frå løyve:

Vedtak

Det vert godkjent omsøkte ansvarsrettar samt oppføring av to naust, kai med utfylling og flytebrygge i medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3, 23-3, 29-2, 29-4, og 27-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 på følgjande vilkår:

1. Ved utlegging av flytebrygge må det sikrast at vassleidningen ikkje vert skada av båttrafikk til brygga. Leidningen kan eventuelt flyttast og sikrast med ekstra lodd for å sikre at den ikkje flyter opp.
2. Lodd til fortøyning må leggast slik at leidningane ikkje kan skadast eller at tau/kjetting til fortøyninga kan skader leidningane.
3. Det kan ikkje opparbeidast midlertidig anleggsveg på eiga grunn utan søknad.

No er saka at vassleidninga er flytt opp. Grunneigar synast å meine at dette har samanheng med eit tilfelle kor vasstilførselen stoppa opp tidlegare i år. Eigara av vassleidninga er av den oppfatning at det er arbeidet med utfylling av massane og arbeidet med flytebrygga som har medført at vassleidninga har fløte opp til overflaten.

Det er bedt om at kommunen teke ein nøyne synfaring på staden.



Sætremarka 2
5943 AUSTRHEIM
austrheim.kommune.no



56 16 20 00
post@austrheim.kommune.no



Føretaksreg.: 948350823
Bankkonto: 1594.11.80407

Kommunen si vurdering er her at det ikkje vil gje saka noko meir at det vert føretatt ein synfaring. Grunngjevinga er at det ikkje for kommunen vil vere mogeleg å stadfeste med heilt sikkerheit verken det eine eller det andre etter synfaringa. Samstundes er kommunen godt kjent med forholda på staden.

Kommunen finner likevel grunn til å understreke det openberre:

Når det leggast ut masser i eit så stort omfang som er gjort med utfyllinga ifm kaiantleget på gbnr. 157/6 så er det ei klar risiko for at dette påverkar vassleidningens posisjon og liggeforhold. Dette er grunngjevinga til kommunens to vilkår i saka. Desse to vilkåra har innehavar av løyve ikkje verken kommentert eller påklaga og dermed akseptert.

Kommunen vurderer det som pårekneleg at aktiviteten knytta til flytebrygga og massane har flytta plasseringa av vassleidninga. Ei slik påverking vil og kunne skje ikkje umiddelbart etter utfylling av masser.

Grunneigar av 157/6 har til kommunen påpeika at det ikkje syner som at vassleidninga har nokon som helst lodd på seg og då ikkje synast å vere sikra forsvarleg før arbeidet vart satt i gong.

Dette kan vere mogeleg, men det er samstundes sannsynleg at arbeidet har påverka leidninga. Det er eksplisitt nemnt i løyvets første vilkår at leidningane kan sikrast med ekstra lodd for å hindra at den ikkje flyter opp.

Kommunen vurderer etter dette at løyveinnehavar og grunneigar 157/6 bør gå i dialog med eigarar av vassleidningen for å finne ei løysing saman. Kommunen kan ikkje sjå at det e urimeleg at løyveinnehavar legg på nokon ekstra lodd i samråd med eigar av vassleidninga.

Noverande tilstand er ikkje forsvarleg. Her kan kommunen gje pålegg om å utbetre tilstanden. Dette kan gjevest til begge parter etter kommunens vurdering. Løyveinnehavar kan få pålegg om å oppfylle vilkåra som er satt i løyve. Dette vil og kunne stoppa eventuelle ferdigattestar og mellombels bruksløyve. Eigarar av vassleidninga vil og kunne få eit pålegg om utbetring.

Så blir det eit privatrettsleg spørsmål kven som må bere kostnadene.

Kommunen forventar at situasjonen blir utbetra og vonar at partane kan ta til fornuft og finne løysingar saman. Kommunen ber om tilbakemelding på kva partane finn ut av.

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Dan Goya	Eldshovden 6c	5252	SØREIDGREND
Kåre Inge Berge	ALMÅSHAUGANE 47	5109	Hylkje
Trond Arild Knudsen	Husavarden 7	5305	FLORVÅG